



# DEN NORSKE KYRKJA

## LEIKANGER SOKNERÅD

ÅRSMELDING FOR LEIKANGER KYRKJELYD 2021



Også i 2021 sette Covid 19 sitt preg på kyrkja og resten av samfunnet. Det var restriksjonar på kor mange vi kunne vere samla i kyrkja, og aktivitetane i kyrkjelyden vart reduserte. Mange har sakna fellesskapet, og ikkje minst har babysongen og tysdagstreffa vore eit stort sakn for mange. Vi er difor glade for at vi kunne starte opp att tysdagstreffa og babysongen i september.

Gravferder har vore for dei næraste pårørande. Det vart opna opp for å utvide deltakinga frå 50 til 70 personar når ein ikkje hadde felles song.

Vi hadde eit fleksibelt konfirmasjons-tilbod i 2021 med fire konfirmasjonsgudstenester fordelt på to helgar på våren, og tilsvarande to helgar på hausten.

Påskegudstenestene måtte gå ut. Julaftan vart det vart sett opp tre gudstenester med reserverte plassar til 50 personar. Tårnagent-samlinga for 8-åringar som skulle vore arrangert i Norum i 2020 for 2012-kullet vart utsett og gjennomført i mai 2021. Tårnagent-samling for 2013 kullet blei utsett til 2022. Lys Vaken, med overnatting og frukostservering for 11-åringar, kunne ikkje gjennomførast.

Vi hadde basar i kyrkjelydshuset i november, med god deltaking og høg stemning!

Soknerådet har hatt fysiske møte i kyrkjelydshuset når smittesituasjonen har tillete det, resten av møta har vore digitale.

#### MEDLEMER I SOKNERÅDET 2021:

Signe Eikenes - leiar

Åse Kongsvik - nestleiar

Tove Stensås - sekretær og vara til diakoniutvalet

Jon Erling Oppedal - medlem i fellesrådet

Tore Oddvin Stølen - leiar i husstyret for kyrkjelydshuset

Elin Borlaug Hauge - vararepresentant til fellesrådet

Vegard Bondevik Lie - sokneprest

---

#### VARAMEDLEMER:

Eli Marita Vik Næss, medlem i diakoniutvalet

Grete Hamre

Ida Jørstad Røysum  
Siri Andresen

---

#### KOMMUNESTYRET SIN REPRESENTANT I FELLESRÅDET:

Frode Bøthun for Sogndal Kommune

---

#### REKNESKAP FOR SOKNERÅDET OG KYRKJELYDSHUSET:

Kirsti Bergfald Svangstu, rekneskap  
Eivind Eikenes Dahle, revisjon

---

#### REKNESKAP FOR KYRKJELYDSBLADET:

Arnold Hundershagen, rekneskap  
Sunneva Husabø, revisjon

---

#### SOKNERÅDSMØTE OG SAKER:

Soknerådet har hatt 9 møte. Årssamlinga var planlagd etter gudstenesta i kyrkja søndag 21. mars, men gjekk ut grunna nasjonale retningslinjer som følgje av koronautbrotet.

Soknerådet handsama i alt 51 saker i 2021.

---

#### TRUSOPPLÆRINGSUTVALET:

Hege Feet Askvik var representant i trusopplæringsutvalet fram til ho flytta i september 2021. Anita Instefjord overtok då som representant i utvalet.  
Varamedlem: Bjørn Sandvik Søsnes

---

#### DIAKONIUTVALET

Eli Marita Vik Næss er Leikanger sokneråd sin representant i diakoniutvalet med Tove Stensås som varamedlem.

---

#### HUSSTYRET (KYRKJELYDSHUSET)

Kjell Sæter, Soleana Giuseppe, Linda Grebstad Grinde og representant for soknerådet, Tore Oddvin Stølen, som var leiar.

---

#### FASTEAKSJONEN:

Fasteaksjonen er ein årleg dugnad siste veka før påske, med inntekt til Kirkens nødhjelp. Det er kyrkjelyden si innsamling, men konfirmantane og konfirmantforeldra gjer vanlegvis ein stor innsats for aksjonen. Som i 2020 måtte aksjonen også i 2021 gjennomførast digitalt. Det var høve til å gje både på Vipps og via Facebook-aksjonen.

Det kom inn kr 13 166 kr. Dette er vesentleg lågare enn det som er samla inn tidlegare år.

## Gudstenester

Gudstenestene er navet i kyrkjelyden. Leikanger kyrkje har gudstenester om lag annakvar sundag. I tillegg kjem gudstenester i høgtidene og særskilde gudstenester. På grunn av Korona gjekk nokre av gudstenestene ut.

Det var i 2021 totalt 34 gudstenester med totalt 1 586 deltakarar. 11 av desse gudstenestene var dåps- og konfirmasjonsgudstenester, medan det vart halde 23 ordinære gudstenester i kyrkja.

Gudstenestene i påska vart avlyste. Som i 2020 vart det også i påska 2021 sett opp ei påskevandring med plakatar på gravplassen ved kyrkja. Plakatar med bibeltekstar og illustrasjonar er laga av kunstnaren Magne V. Kristiansen. Ei dåpsgudsteneste med få deltakarar vart gjennomført medan kyrkja var opa.

Mange er engasjerte som medliturgar (medhjelparar) og deltek med lesing av tekst og bønner, styring av projektor og som kyrkjevertar. Her er vaksne og konfirmantar saman om oppgåvene.

Det vart sett opp tre gudstenester julaftan med reserverte plassar til 50 personar. Alle plassane vart fullteikna. Første juledag var det høgtidsgudsteneste.

## KYRKJELEGE HANDLINGAR I 2021:

10 (19) døypte

26 (34) konfirmantar

2 (1) vigslar

26 (21) gravferder

*(tala i parentes 2020)*

## KONSERTAR/ARRANGEMENT

Det har knapt vore konsertar eller arrangement i kyrkja dette året. På konserten Jostedalsrypa var det 6 betalende ....!

Den stemningsfulle Lucia-feiringa gjekk ut grunna ressursmangel.

13. dagsfesten 6.januar kunne ikkje gjennomførast på grunn av covid-restriksjonane.

## DIAKONI OG OMSORG

### TYSDAGSTREFFA

Vi klarte å starte opp att Tysdagstreffet i september 2021. Med god hjelp frå mange frivillige vart det i alt gjennomført sju samlingar hausten 2021. Etter gamalt startar treffet med song og andakt klokka 12.00, før det vert servering, god prat og meire song. Vegard Bondevik Lie leiar treffa.

---

## SKYSS TIL GUDSTENESTENE

Soknerådet tilbyr køyring til gudstenestene for dei som treng skyss. Det er få som nyttar seg av ordninga.

## TRUSOPPLÆRING

2021 vart også eit år prega av korona og smitteverntiltak i trusopplæringa. Trusopplæringsleiari Birthe Husum har også hatt studiedag ein dag i veka i tillegg til studentsamlingar og eksamen. Året har i tillegg vore prega av ein uvanleg bemanningssituasjon grunna permisjonar, sjukemeldingar og prestemangel i stab. Dette har ført til ein del omleggingar. Likevel har me fått til mykje bra..

### Babysong

Tala viser svært god oppslutnad om babysong sett i forhold til dåpssamtalar. Dette kan spegle korona-situasjonen, at fleire ventar med dåp. Ein god gjeng med frivillige er framleis med. Me har diverre måtta avlyse noko og hatt ein del begrensningar. Det er ført opp totalt 13 babyar (fødde 2021). Av desse var 1 frå Norum sokn. Det var i tillegg 7 deltakarar om våren som var fødde i 2020. 1-8 deltakarar kvar gong. 4 deltakarar i snitt på dei 8 samlingane me fekk gjennomføre (2 samlingar vår, 6 haust).

Me har byrja Småtroll-trall for 1-3-åringar på Stedjetunet i Sogndal. Dette er ope for de ifrå Leikanger også, men ingen møtte. Det kan vere ein lag tur for desse å kome til kl. 17.15, så trusopplæraren har eit ynskje/mål om at me kan starte opp eit eige tilbod om dette lokalt på Leikanger. Dette må drivast av frivillige, men trusopplæringsleiaren er gjerne med i ein oppstartsfase. Det er etterspurt hjå dei som går på babysong.

---

## FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR:

Gunhild Børtnes, Ingeborg Ugulsvik, Gerd Haugen, Ingerda Fossen, Sunneva Husabø og Målfrid Reppen er trufaste medhjelparar på babysongen.

---

### 6-åringar

Påskefest for alle gjekk ut, grunna korona, og bokutdelinga vart flytt til skulestart. Det ser ut som om tradisjonen skulestartgudsteneste er godt innarbeida i Leikanger med 79% frammøte.

**4-åringane** fekk utdelt «Mi kyrkjebok 4» på hausttakkefesten 3.oktober. 17 av 17 inviterte deltok.

### Tårnagent-helg for 8-åringar

Grunna korona vart tårnagentdagen for 2012-kullet flytta to gongar frå 2020. Me fekk endeleg ha denne dagen på våren 21, i og ved Ølmheim kyrkje. Veret var på vår side, og me hadde ein kjempekjekk dag. Det vart to grupper frå Leikanger, og dei stilte med flinke «englevakter» (frivillige vaksne). Tårnagentdagen for 2013-kullet som

skulle vore i oktober, vart utsett grunna bemanningsproblem og at opninga til Stedjetunet vart lagt til denne helga. I staden inviterer me to kull (2013 og 14) hausten 2022.

### **11-årsbibel /Lys vaken:**

11-årsbok-utdelinga vart utsett mange gonger, men til slutt fekk me gjennomført på familiesøndag i november. Diverre kolliderte denne med ei handballturnering. Difor vart det lite oppmøte. Lys vaken måtte me avlyse, men vi gjer det same som med Tårnagent og slår saman to kull i november 2022.

### **KYRKJESEKK:**

Soknerådet har tidlegare tilbydd ein «Kyrkjesekk», som er ein «barnekrok», som ungane kan ta med seg i kyrkjebenken. På grunn av smittevern har ikkje sekkane vore i bruk i 2021, men vi tenker å ta desse i bruk att. I sekken finn borna litt forskjellig; teiknesaker, bøker, rosiner osv. Heimestrikka labbar finn dei og, som dei kan ha på seg om dei vil bevege seg litt i kyrkja.

### **BARNEHAGE/SKULE - KYRKJE SAMARBEID**

I løpet av eit år er det vanlegvis fleire kontaktpunkt mellom barnehagane og kyrkja og skulane og kyrkja, både i kyrkja og i barnehagen eller på skulen. Både i 2020 og 2021 var kontaktpunkta færre enn dei har vore tidlegare år.

### **BARNEHAGANE**

Det var ute-samlingar i dei ulike barnehagane før påske, og fleire blomstergudstenester slik at vi ikkje blanda kohortane. Vi fekk til adventsvandringar før jul med alle tre barnehagane, samt gudsteneste med alle samla.

### **SKULANE:**

Samarbeid med skulane vart det diverre svært lite av i 2021, då alle gudstenester og samlingar elles måtte avlysast grunna restriksjonar. Soknepresten har vore på ungdomsskulen og informert om konfirmasjon før sommaren, og dei tilsette har hatt god dialog med skulane elles.

### **HØGSKULEN:**

Høgskulen v/ Lena Skjerdal var på besøk med nye studentar i august. Dei fekk ei kort samling med fokus på kyrkjekunst og kultur. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og kantor Hallgeir Øgaard Westli var med.

### **KONFIRMASJONSFØREBUINGA:**

Det er soknerådet som er ansvarleg for konfirmantopplegget. Ungdomsprest Andreas Danbolt og sokneprest Vegard Bondevik Lie har ansvaret for undervisninga, som i stor grad har vore ettermiddagssamlingar i kyrkjelydshuset. Kullet som vart konfirmert i 2021, fekk dessverre ikkje vore på leir på grunn av covid-restriksjonane. Noko av innhaldet på leirane vart undervist på ekstra ettermiddagssamlingar.

Takk for innsatsen til alle som har vore frivillige i konfirmantopplegget i 2021!

Det var 26 som vart konfirmert i 2021, fordelt på to helgar på våren og to på hausten.

27 nye konfirmantar vart presentert hausten 2021. Undervisninga føregår på ettermiddagane tysdag og torsdag som hovudrytme. I september var konfirmantane på «Skaparverkstur» i Sogndalsdalen, og i desember førebudde og gjennomførde halvparten av konfirmantane lysmessa 2. søndag i advent.

Konfirmantane er med som medhjelparar og gudstenestedeltakarar under gudstenester. Dei får mange lovord for den fine måten dei utfører oppgåvene sine på.

Foreldra gjer eit stort dugnadsarbeid med køyring, baking og som medhjelparar på ulike arrangement. Konfirmantane hjelpte til på basaren 11.november, og foreldra stilte med kake.



*Frå Lysmessa 2. søndag i advent. Varmestyringa i kyrkja hadde fått teknisk feil, så der var det for kaldt til å gjennomføre gudstenesta. I full fart fekk me i minuttane før gudstenestestart flytta opp i Kyrkjelydshuset, og feira gudstenesta der. Stor takk til konfirmantar og foreldre som snudde seg fort rundt, og bidrog med praktisk arbeid!*

## FOREININGAR

### KYRKJERINGANE

Kyrkjeringane har gjennom mange år vore gode støttespelarar for kyrkja. Det har vore lite møteaktivitet i den indre og midtre ringen i 2021, den ytre ringen har gjennomført sine møte som vanleg.

Desse var leiar /kontaktperson i kyrkjeringane:

Ytre: Sunneva Husabø

Indre og midtre: Ingeborg Ugulsvik

---

## ANNA FRIVILLIG VERKSEMD

Bibelgruppe: Liv Eldholm

Leikanger Normisjon: Marit Askeland og Jorunn Kvalsvik Aase

Misjonssambandet: Gunnveig Tjønn

## LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Kyrkjelydsbladet kjem med tre nummer i året: Før påske, tidleg haust og til jul. Sigrid Svartefoss er redaktør og har hatt med seg Hege Feet Askvik og Signe Eikenes i redaksjonsnemnda. Elianne Eggum syter for design, medan Systrond damekor tok seg av distribusjon. Bladet har ein god økonomi og verkar bli lest og sett pris på. Sjå eige rekneskap for bladet.

## KYRKJELYDSHUSET

Kyrkjelydshuset er eit godt hus for kyrkjelyden, og det vert nytta til både faste og sporadiske arrangement i kyrkjelyden. I tillegg er det i bruk ved dåp, gravferder og konfirmasjon. Grunna koronasituasjonen har det vore mindre aktivitet i meldingsåret enn tidlegare år. Husstyret har hatt eitt møte i kyrkjelydshuset. Utover dette har saker /avklaringar vore handsama elektronisk.

Det er sett opp vaktmeisterteneste frå månad til månad, og desse gjer, saman med slåttegjengen, ein god og viktig jobb.

Den årlege dugnaden av uteområdet vart gjennomført på våren. Etter sommarferien var det innvendig nedvask av deler av kyrkjelydshuset.

Den tradisjonelle basaren til inntekt for Kyrkjelydshuset gjennomførte vi 11.november, i eit tidsvindaug då det var lov å samlast. Det vart selt lodd på Kiwi og Prix laurdagen før. Ca. 75 personar møtte, og det var åresal i tillegg til gjennomgangslodd. Til saman fekk vi inn ca. 34.000 kr. Konfirmantforeldre stilte med kaker. Eli V. Næss hadde hovudansvaret, og gjennomførte basaren saman med konfirmantar og gode hjelparar i soknerådet.

---

## RENOVERING AV KYRKJELYDSHUSET

På grunn av store råteskader på vestveggen av kyrkjelydshuset vart det på forsommaren 2021 utført utbetningsarbeid av skadane. Naudsynt arbeid som måtte utførast var mellom anna rivingsarbeid, skifte av vindaug, oppretting og utlekting av heile veggen og isolering og montering av vindsperre. Samstundes vart det bygd tak over inngangsdøra på same side av bygget.

Innvendig vart det eine toalettet ombygd til vaskerom.

Samla kostnad for byggearbeidet kr 157 403,02.

Etter at Byggmeister Langeteig og Volldal var ferdig med arbeidet sitt, vart heile vestveggen og det nye taket over inngangsdøra måla på dugnad av husstyret.



Husstyret søkte om stønad til tiltaka ovanfor frå:

- «Huset i Bygda», ei ordning drifta av Sogn og Fjordane ungdomslag. Ungdomslaget forvaltar midlar frå Sparebankstiftinga med støtte til mellom anna prosjekt for å ta vare på dei mange forsamlingshusa rundt om i by og bygd.
- Kulturmidlar Sogndal kommune, innan kategori 4 Vedlikehald/oppgradering av forsamlingshus/bygdahus.

Me fekk avslag frå begge etter ordiner søknad. Etter klage på avslaget om kulturmidlar fekk me etter ny handsaming kr 20 000,- i stønad.



*Leikanger kyrkjelydshus, Klokkargarden, med ny kledning og overbygt inngangsparti*

---

#### VAKTMEISTERTENESTE:

Ida Røysum, Jean Rockwell, Torbjørn Aase, Soleana Giuseppe, Tone Britt Myklebust, Kjell Sæter, Knut Haukeland, Gerd Midtun, Bjørg Anda og Linda Grebstad Grinde har hatt vaktmeisterteneste i kyrkjelydshuset, ein månad i slengen.

---

#### SLÅTTEARBEID:

Frå mai til oktober vert graset slått. Det er som regel to personar i sving per gong. Desse har stått på lista i 2021: Oddbjørn Dale og Bjarne Nes, Kjell Erik Strand og Kjell

Arne Valvik, Knut Haukeland og Nils Henjum, Torstein Svedal og Henry Neverdal, Jon Henjum og Jan Helge Furre.

## KYRKJA

I 2021 vart kyrkja brannsikra med nytt sprinkelanlegg. Dette var ein stor jobb, finansiert av Riksantikvaren og Sogndal kommune. Det rotne undertaket på sakristiet vart skifta, og innvendig vart det eit nytt teknisk rom for brannsikringsanlegget. Sakristiet vart også oppgradert med oppvaskkum, skuffer og benkeplate. Rommet er nå meir tenleg for både tilsette, dåpsfylgje og andre brukarar.

### VIDARE PLANAR:

Det trengst etterkvart nye puter til kyrkjebenkane. Kyrkjeringane jobbar med å finansiera dette.

### KYRKJEGARDANE OG BÅREHUSET

Bårehuset er planlagt rehabilitert og arbeidet var klart til å starta opp etter sommaren 2019, men vart sett på vent som følgje av kommunesamanslåinga. På kommunestyremøte i 2020 vart det løyvd midlar til arbeidet. Arbeidet med utbetring av bårehuset står på vent på grunn av at eigedomsforholdet mellom OVF (Opplysningsvesenets fond) og DNK (Den Norske Kyrkja) ikkje er avklara.

Den årlege dugnaden på kyrkjegarden var som vanleg siste torsdag i april. Dugnaden var annonsert i Kyrkjelydsbladet og Sogn Avis. I tillegg var nokre konfirmantforeldre oppmoda om å bidra. Kåre Hauge hadde fått med seg seks personar og tok ansvaret for dugnaden i Husabø. Ved kyrkja møtte ni personar. Dette er færre enn vanleg.



Dugnaden vart avslutta med kaffi ved kyrkja. Knut Grinde organiserte dugnaden, og Jarle Andersen og Frode Grepstad ved teknisk etat gjorde ein dugnadsinnsats med å stille med tilhengar og bossekker, og dei køyrde bosset til bosslassen.

Store tre på og nær inntil gravplassen fører til svært mykje lauv. Kåre og Knut har rydda på gravplassane også utanom fellesdugnaden. Dette er eit viktig arbeid, og vi bør prøve å få fleire til å bli med.

## PERSONALSITUASJONEN

---

### PRESTETENESTA

Vegard Lie Bondevik - sokneprest i Leikanger og Norum.

---

### MEDARBEIDARAR

Cristina Sandor - klokkar/kyrkjetenar og reinhaldar (permisjon frå august 2021)

Hallgeir Øgaard Westli - kontor

Birte Husum - trusopplærar

Andreas Danbolt - ungdomsprest

## ØKONOMI

---

### LEIKANGER KYRKJELYD, «INNSAMLAR MIDLAR»

Ved ofringar kom det totalt inn kr 37 323, av dette kr 4 038 til eige kyrkjelydsarbeid. Totalt er dette om lag det same som i 2020, men ein del mindre til eige kyrkjelydsarbeid.

Fasteaksjonen: kr 12 166 (digital innsamling) Givarteneste: kr 3 000.

Det vert elles vist til rekneskapen.

Leikanger sokneråd takkar frivillige og tilsette for god innsats og godt samarbeid i 2021!

*For Leikanger sokneråd, 15.mars 2022:*

Signe Eikenes

*Leiar*



- *Leikanger kyrkje* -